



NORDDAL KOMMUNE

GEBYRREGULATIV FOR VATN OG AVLØPSTENESTER FOR 2009

Vedtatt i Norddal kommunestyre i møte den 17.12.2008, sak 103/08.

RAMMER FOR GEBYRUTREKNING

- Gebyra skal ikkje overstige kommunen sine kostnader, men kan avreknes over ein 4 års periode.
- Overslag over forventa kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for de næraste 4 årene skal føreligge før fastsetjing av storleiken til gebyra.
- Gebyrutrekninga skal være etter Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974 samt sentral og lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr.
- Alle priser er utan 25 % mva.

1 EINGONGSGEBYR FOR TILKNYTING

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsleidningsnett.

- For vatn uansett storleiken på bygget: kr 12500
- For avlaup uansett storleiken på bygget: kr 12500

2 ÅRSGEBYR

2.1 Abonnementsgebyr

Kommunens totale årsinntekter frå abonnementsgebyr skal dekke kommunens faste kostnader for disse tenestene, ca 40 %

	Vatn	Avløp
Pris i kr per m ²	7,15	3,65

Abonnementsgebyret blir utrekna ved å multiplisere bruksareal med pris per m².

Abonnementsgebyr:	
• Vatn	: Pris per m ² [kr/m ²] x Bruksareal BRA [m ²]
• Avløp	: Pris per m ² [kr/m ²] x Bruksareal BRA [m ²]

2.2 FORBRUKSGEBYR

Forbruksgebyret utreknes på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, basert på pris per m³ (kubikkmeter=1000 liter).

Pris per m³

Vatn:	Avløp :
10,27 kr/m ³	5,48 kr/m ³

a) Etter målt forbruk

Forbruksgebyret utreknest etter faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m³.
Avløpsmengde reknes lik vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:

- Vatn : Pris per m³ [kr/m³] x Målt forbruk [m³]
- Avløp : Pris per m³ [kr/m³] x Målt forbruk [m³]

b) Etter stipulert forbruk

Forbruksgebyret utreknest etter stipulert forbruk og pris pr. m³. Stipulert forbruk [m³]
utreknest slik:

Bruksareal BRA [m²] x spesifikt forbruk [m³/m²]

der:

- Arealet utreknest som bruksareal BRA [m²] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 1,00 m³/m²

Forbruksgebyr bustader:

- Vatn : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]
- Avløp : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]

Forbruksgebyr hytter/fritidsbustader:

- Vatn : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³] x Forventa brukstid¹⁾
- Avløp : Pris per m³ [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³] x Forventa brukstid¹⁾

1) Forventa brukstid utreknes etter følgjande modell:

- Utleiehytter : Forventa brukstid = 0,5 (50 % av året)
- Øvrige hytter/fritidsbustader : Forventa brukstid = 0,5 (50 % av året)

3 ÅRLEG VASSMÅLARLEIGE

Kommunen eiger vassmålaren for bustad, hytte og fritidsbustader og disse abonnentane betaler alle kostnader knytt til installering og vedlikehald av målaren. Det betalast ein årlig leige for å dekkje disse kostnadene, som varierer med målarens storleik etter følgjande modell:

- T.o.m. 25 mm : kr 250
- 26 - 50 mm : kr 300
- større enn 50 mm : kr 650

Avlesingsgebyr (om ikkje abonnenten avles vassmålaren sjølv) er kr 500,-

4 MELLOMBELS BRUK AV VATN OG AVLØP

Eiger/fester av eigedom som mellombels knyttes til kommunens vass- og avløpsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande regler for næringsverksemd, sjå punkt 2.

5 TØMMING AV SLAM FRÅ SLAMAVSKILJARE

Slamavskiljarar vert tømte kvart 2. år, hos fritidsbustader kvart 4. år. Gebyr for tøming og behandling/avvatning er avhengig av storleiken til slamavskiljaren.

Tøming kvart 2. år:

Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 2 m ³ :	578,-
Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 4.5 m ³ :	674,-
Tillegg for volum ut over 4,5 m ³ for slamavskiljarar:	82,-
Tillegg for volum ut over 4,5 m ³ for tette tankar:	96,-

Tøming kvart 4. år:

Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 2 m ³ :	289,-
Slamavskiljarar og tette tankar med volum inntil 4.5 m ³ :	337,-
Tillegg for volum ut over 4,5 m ³ for slamavskiljarar:	41,-
Tillegg for volum ut over 4,5 m ³ for tette tankar:	48,-

Tøming av tankar tilknytt kommunalt nett inngår i avløpsgebyret frå og med 2008.

6 TILLEGGSGBYR

Tilleggsgebyr kan ileggest der abonnenten ikkje etterkommer kommunen sine krav om utbetring av egne vass- og/eller avløpsanlegg, der dette medfører meirkostnader for kommunen.

Driftsutvalet avgjer storleiken på tilleggsgebyret.